

Til tingretten/byfogden i

MELDING OM USKIFTA BU (PÅKRAV OM USKIFTEATTEST)

Dei gule felta må lesast/fyllast ut av alle ektefellar som ønskjer uskifte. Desse felta er tilstrekkelege dersom avlidne verken etterlet seg særlege eller særskilte livsarvingar. Dersom det finst særskilte livsarvingar, må også dei grønne felta lesast/fyllast ut. Hadde avlidne særlege, må også dei raude felta lesast/fyllast ut.

Før ein krev uskifte, bør ein vurdere nøye om dette er den mest høvelege ordninga for attlevande ektefelle. Kva som «lønner seg» vil avhenge av ei rekkje tilhøve, mellom anna verdien av aktiva og storleiken på gjelda, kva arvingar/gruppe av arvingar det eventuelt er aktuelt å sitje i uskifte med, forsikringsutbetalingar og annan arv som vil gå inn i uskiftebuet, samt ikkje minst alderen og inntektstilhøvet til attlevande ektefelle.

I skjemaet ERKLÆRING OM PRIVAT SKIFTE AV DØDSBU står det ei orientering om arveretten til attlevande ektefelle. Somme orienteringar får ein også i dette skjemaet. For meir utfyllande rettleiing viser ein til ORIENTERING TIL ATTLEVANDE EKTEFELLE frå Justisdepartementet. Retten kan også gi nærmare orientering. Retten til uskifte fell bort ved separasjonsløyve/dom.

I ein del tilfelle, særleg for eldre menneske, vil uskifta bu vere den beste ordninga. I så fall må dette skjemaet, som naudsynleg er svært detaljert og noko komplisert, fyllast ut nøye.

Opplysningar om avlidne

Fullt namn:

Fødselsnr. (11 siffer):

Boligadresse:

Dødsdato:

Opplysningar om attlevande ektefelle

Fullt namn:

Fødselsnr. (11 siffer):

Boligadresse:

Telefon nr.:

Opplysningar om arvingar til avlidne

Dersom avlidne etterlet seg testament/gjensidig testament, set kryss her og legg ved testamentet.

Her fører ein opp alle andre arvingar etter avlidne enn attlevande ektefelle og eventuelle særskilte livsarvingar (born, adoptivborn eller avkom av desse, frå tidlegare ekteskap eller fødte utanfor ekteskap).

Avlidne sine eventuelle særskilte livsarvingar må først i neste rubrikk.

For umyndige arvingar må namnet og adressa til verja først på lina under den aktuelle arvingen.

AVLIDNE SINE ARVINGAR (utanom særskilte livsarvingar)

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med avlidne
1.			
2.			
3.			
4.			
5.			
6.			
7.			
8.			

Dersom plassen her er for knapp, kan du halde fram med oversynet over arvingar på eige ark.

AVLIDNE ETTERLET SEG FØLGJANDE SÆRSKILTE LIVSARVINGAR (Oppgi også eventuelle verjer):

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med avlidne
1.			
2.			
3.			
4.			



Attlevande ektefelle har ikkje krav på uskifte med særskilte livsarvingar av avlidne. Dersom de særskilte livsarvingane ikkje samtykker i uskifte, må det skiftast med desse. Det resterande buet kan så overtakast til uskifte med dei andre arvingane. For umyndige særskilte livsarvingar må overformynderiet samtykkje. Slikt samtykke bør som regel berre givast dersom det er til fordel for barnet at attlevande ektefelle får høve til fullstendig uskifte. Dette vil som regel vere tilfelle dersom særskilte livsarvingar bur saman med den attlevande ektefellen. Samtykke kan givast på dette skjema eller på særskilt ark.

Opplysningar om buet

Attlevande ektefelle skal gi ei summarisk oppgåve over sine og avlidne sine eignelottar og gjeld. I eit fellesbu er det ofte vanskeleg å skilje mellom det som kvar ektefelle «eig» og kven av dei som heftar for dei ulike gjeldspostane i fellesbuet. Noko lettare er det med omsyn til særlege, om nokon av ektefellane har det. Då har ein ektepakt, gåvebrev eller testamentvedtak å halde seg til. Eventuelle slike dokument må leggjast ved uskiftepåkravet.

Når det gjeld felleseiget og gjeld knytt til dette, er det kanskje enklast å seie at alt som ektefellane har skaffa seg saman, høyrer begge til i like delar. Det er som oftast rett. Slike verdiar fører ein opp i rubrikk **1** i skjemaet nedanfor. Gjeld som er knytt til slike verdiar, som begge heftar for, fører ein opp i rubrikk **6**. Verdiar som den eine har arva eller åleine skaffa på annan måte, skal førast opp under vedkomande i rubrikk **2** eller **3**. Gjeld knytt til slike ting blir rubrisert under den som har stifta gjelda, under rubrikk **7** eller **8**. Til dømes kan skattegjeld førast på den som er ansvarleg for betalinga.

Gjenstandar og verdiar som etter ektepakt, gåvebrev eller testament er særlege, blir ført under vedkomande ektefelle sitt særlege i rubrikk **4** eller **5**. Gjeld knytt til særlege førast på same måte under rubrikk **9** eller **10**.

EIGNELOTTAR - summarisk Spesifiser større verdiar, summér elles verdiane under dei gjevne hovudgruppene: Rund gjerne av til nærmaste heile 1000 kr.	FELLESEIGE			SÆREIGE	
	Tilhøyrer/ skaffa av bae ektefellar 1	Tilhøyrer/ skaffa av avlidne ektefelle 2	Tilhøyrer/ skaffa av attlevande ektefelle 3	Tilhøyrer avlidne ektefelle 4	Tilhøyrer attlevande ektefelle 5
Faste eigedomar, leiligheiter m.m. Bustadinnskot o.l.					
Næringsverksemd, utestående krav, m.m.					
Bilar, båtar, maskinar, kapitalgjenstandar					
Innbu og lausøyre. Kunst og samlingar					
Bankinnskot, aksjar, verdipapir o.l.					
Annan formue eller store verdiar					
SUM FORMUE					
GJELD (spesifikasjon er ikkje naudsynt):	GJELD som bae heftar for 6	GJELD som avlidne heftar for 7	GJELD som attlevande heftar for 8	Avlidne si særgjeld 9	Attlevande si særgjeld 10
SUM GJELD					

Dersom den avlidne sin råvdeldandel er insolvent (at gjelda er større enn verdiane), bør ikkje buet - på grunn av gjeldsansvaret - overtakast til uskifte.

Samtykke til uskifte med særskilte livsarvingar

Overformyndieriet samtykkjer i at buet overtakast i uskifte med avlidne sine umyndige særskilte livsarvingar.

Dato / 20

Overformyndieriets stempel og underskrift

Underteikna myndige særskilte livsarvingar (born, borneborn m.m.) samtykkjer i at attlevande overtek buet i uskifte med meg/oss.

Dato / 20

Uskifte med sær eigemiddel

Dersom det ikkje er avgjort i ektepakt eller testament, må attlevande ektefelle ha samtykke frå dei andre arvingane for å kunne sitje i uskifte med sær eige til avlidne. For umyndige arvingar må i så fall overformyndieriet samtykkje. Dette kan overformyndieriet gjere i rubrikken nedanfor.

Har eller får attlevande ektefelle tilgang til å sitje i uskifte med sær eige til avlidne, går også attlevande sitt eige sær eige inn i buet, dersom det ikkje i ektepakt, testament, gåvebrev eller ved avtale med arvingane er gjort andre vedtak.

Skal uskiftebuet omfatte sær eige som får noko å seie for arvingane sine andelar i buet på eit seinare skifte, skal attlevande ektefelle og arvingane gjere avtale om verditilhøva mellom sær eigemidla. Klarer ein ikkje å få til slik avtale sjølv, skal retten fastsetje verditilhøva.

Retten rår til at det ved uskifte med sær eigemiddel alltid blir inngått slik avtale:

Avtale om uskifte med sær eigemiddel

Underskrivne arvingar etter avlidne _____

samtykkjer med dette i at attlevande ektefelle _____
sit i uskifta bu med sær eigemidla til avlidne.

Ved framtidig skifte, i levande live eller ved lengstlevande sin død, ved testamentariske vedtak eller andre disposisjonar, skal

_____ % av heile buet sjåast som førstavidne sin andel, og

_____ % som lengstlevande sin andel og eigedom

Dato / 20

Underskrift av alle arvingane.
For umyndige må verja underskrive.

Attlevande ektefelle

Overformyndieriet samtykkjer i at avlidne sitt sær eige går inn i uskiftebuet.

Dato / 20

Overformyndieriets stempel og underskrift

Setteverje

Dersom attlevande ektefelle treng samtykkje for å overta avlidne sitt sær eige til uskifte med umyndige arvingar som attlevande ektefelle er verje for (t.d. umyndige fellesborn til ektefellane), må det oppnemnast setteverje. Setteverje skal også oppnemnast dersom den umyndige arving og verja har motstridande interesser i uskiftebuet. Overformyndieriet må kontaktast for oppnemning av setteverje.

Andre opplysningar

Attlevande ektefelle treng aldri noko samtykkje frå fellesborna med avlidne, eller eventuelt slektsarvingar til avlidne, dersom avlidne ikkje etterlet seg livsarvingar, for å overta felleseiget til uskifte, dersom ikkje anna er avgjort i ektepakt eller testament.

Samtykkje er berre naudsynt for uskifte med særlegemiddel, dersom ikkje rettane er sikra ved ektepakt eller testament. Samtykkje frå særskilte livsarvingar for uskifte med dei, er likevel alltid naudsynt.

Attlevande ektefelle treng heller ikkje arvingane sine vedtak eller aksept av den summariske oppgåva over eignelutane og gjelda i buet. Det er berre ved avtale om uskifte med særlegemiddel ein må vere samde i buoppgåva.

Dersom avlidne hadde særlege som ikkje går inn i uskiftebuet, må dette skiftast mellom arvingane.

Særskilte livsarvingar av avlidne som ikkje samtykkjer i uskifte, har krav på fullt arveoppgjer for seg. Før retten kan overlata det resterande buet til delvis uskifte til attlevande ektefelle, bør særskilte livsarvingar gi erklæring om at dei har fått arven, eller har inngått bindande avtale om skiftet av den. Også andre arvingar som får fullt arveoppgjer kan gi slik.

ERKLÆRING:

Eg/vi arvingar/særskilte livsarvingar etter avlidne erklærer at vi har motteke fullt arveoppgjer/inngått bindande avtale om fullt arveoppgjer og såleis ikkje har noko meir å krevje i buet etter avlidne.

Dato / 20

Plass for tilleggsopplysningar

Erklæring frå attlevande ektefelle

Så langt eg kjenner til, er opplysningane ovanfor rette og uttømmande.

- Avlidne hadde ikkje særlege eller særskilte livsarvingar. Eg overtek heile buet i uskifte.
- Avlidne hadde særlege. (Ektepakt/gåvebrev/testament vedlagt.)
- Særeiget er/vil bli skifta med arvingane til avlidne og går ikkje inn i uskiftebuet. Eg overtek berre fellesbuet i uskifte. Heller ikkje mitt mulege særlege går inn i uskiftebuet.
- Særeiget til avlidne (og mitt mulege særlege) går i samsvar med ovannemnde avtale inn i uskiftebuet.
- Særeiget til avlidne (og mitt eventuelle særlege, med unntak for særlege som har grunnlag i påbod frå givar eller arvelatar) går inn i uskiftebuet i samsvar med inngått avtale, testament eller ektepakt (inntatt foran eller vedlagt).
- Avlidne har særskilte livsarvingar (eller avkom av desse).
- Eg har skifta/vil skifte med særskilte livsarvingar a og overtek det resterande buet i delvis uskifte.
- Eg overtek buet i uskifte med særskilte livsarvingar i samsvar med ovannemnde samtykke.

EG ERKLÆRER AT EG INNANFOR LOVRAMMENE OVERTEK ANSVARET FOR FORPLIKTINGANE TIL AVLIDNE.

Stad:

Dato:

/ 20

Underskrift:

Attlevande ektefelle